



MØTEINNKALLING

Utval: Plan og byggenemnd
Møtestad: Formannskapssalen Herøy rådhus
Dato: 01.02.2016
Tid: 14:00

Melding om forfall til tlf. 70081300.

Forfall til møter i kommunale organer skal vere gyldig i hht. Lov om kommuner og fylkeskommuner § 40, nr. 1.

Varamedlemer som får tilsendt sakliste, skal ikkje møte utan nærare innkalling.

Dersom du ønskjer din habilitet vurdert i ei sak, må du melde skriftleg frå til politisk sekretariat om dette i god tid før møtet (Forvaltningslova § 8, 3. ledd).

Fosnavåg, 27.01.16

Thor Sigmund Garvik
leiar

SAKLISTE:

Saksnr	Innhold
PS 1/16	Godkjenning av innkalling og sakliste
PS 2/16	Protokoll fra førre møte
PS 3/16	Prosjekt 70022 - Leikanger skule og grendahus - tilbygg og rehabilitering - godkjenning av konkuransesgrunnlag - hovedentreprise

PS 1/16 Godkjenning av innkalling og sakliste

PS 2/16 Protokoll frå førre møte



HERØY KOMMUNE
HERØY KOMMUNE

Eigedomsavdelinga

SAKSFRAMLEGG

Sakshandsamar:	RMY	Arkivsaknr:	2015/1304
		Arkiv:	614

Utvalsaksnr	Utval	Møtedato
3/16	Plan og byggenemnd	01.02.2016

PROSJEKT 70022 - LEIKANGER SKULE OG GREINDAHUS - TILBYGG OG REHABILITERING - GODKJENNING AV KONKURANSEGRUNNLAG HOVEDENTREPRISE

Tilråding:

1. Plan- og byggenemnda tek orienteringa om prosjekt 70022 Leikanger skule og greindahus – tilbygg og rehabilitering – til vitande og godkjenner slik vekting av tilbydarar i anbodskonkurranse hovudentreprise:

- a. Pris 60 %
- b. Framdrift og byggetid 40 %

Særutskrift:

Eigedomsavdelinga, her
Skuleavdelinga, her
Hovudverneombodet
Leikanger greindalag
Gurskøy idrettslag

Vedlegg:

Prenta vedlegg:

1. Fasade- og planteikningar

Uprenta vedlegg:

1. K-sak 109/15
2. F-sak 179/15
3. PBN-sak 17/15
4. K-sak 133/15
5. K-sak 192/15

Saksopplysningar:

Saka gjeld godkjenning av tildelingskriterie for konkurranse med forhandling hovudentreprise for byggeprosjekt 70022 – Leikanger skule og grendahus – tilbygg og rehabilitering.

Bakgrunn

Kommunestyret handsama i K-sak 109/15 Utviklingsplan for kommunale bygg 2015-2020, sjå uprenta vedlegg 1. Det vart under handsaminga av saka gitt klare føringar for at Eigedomsavdelinga skulle jobbe vidare med eit tilbyggprosjekt ved Leikanger skule for å sikre naudsynt areal ift. utviklinga i elevtal.

Arbeidet med byggeprogrammet vart påbegynt umiddelbart. Formannskapet fekk ei førebels orientering i F-sak 179/15, sjå uprenta vedlegg 2. Plan- og byggenemnda vedtok hovudentreprise som entrepriseform for prosjektet i PBN-sak 17/15, sjå uprenta vedlegg 3. Byggeprogrammet vart vedtatt i K-sak 133/15, sjå uprenta vedlegg 4 der plan- og byggenemnda også fekk det formelle mandatet for prosjektet vidare.

Prosjektet vart finansiert opp med totalt kr. 11,4 mill. i budsjett 2016, jf. K-sak 192/15 i uprenta vedlegg 5. Finansieringa av prosjektet føreset eit tilskot frå Leikanger grendalag på kr. 1 mill.

Byggeprosjekt

Eigedomsavdelinga tok over ansvaret for kommunale byggeprosjekt 01.11.2015. Avdelinga deler kvart einskilde byggeprosjekt inn i fylgjande delfasar:

Byggeprosjekt				
Programfase	Prosjekteringsfase	Anbodsfasen	Byggefase	Garantifase

Plan- og byggenemnda si handsaming av tildelingskriteria for konkurranse med forhandling inneber at prosjektet overførast til anbodsfasen med eventuell signering av entreprisekontrakt som sluttprodukt.

Prosjekteringsfase

Kommunestyrets godkjenning av byggeprogrammet for prosjektet og formannskapets vedtak i F-sak 179/15 inneber at Eigedomsavdelinga i arbeidar vidare med eit konkurransegrunnlag for eit tilbygg for både Leikanger skule og

grendahus, rehabilitering av yttertak, ytterveggar og vindu i eksisterande skulebygg, etablering av nye rømningsvegar samt oppgradering av eksisterande ventilasjonsaggregat i skulebygget.

Prosjekteringa gjennomførast i samarbeid med Ose Igeniørkontor AS etter anbodskonkurranse og i samarbeid med prosjektgruppa som utarbeida byggeprogrammet samt Leikanger grendalag og Gurskøy idrettslag.

Vedlagte fasade- og planteikningar syner korleis prosjektet er tenkt utbygd, i samsvar med byggeprogrammet, sjå prenta vedlegg 1.

Grunnentreprise

Plan- og byggenemnda har i PBN-sak 17/15 valt hovudentreprise som entrepriseform for prosjektet. Dette inneber at vi kan nytte gjeldande rammeavtale med Aurvoll & Furesund AS for grunnentreprisa. Grunnentreprisa vert såleis satt i bestilling parallelt med anbodsfasa for hovudentreprise og er difor ikkje del av inneverande sak.

Hovudentreprise

Konkurransesgrunnlaget for hovudentreprisa omfattar fylgjende fag:

- Bygg
- VVS
- Elektro

Vi tilrår slik vekting mellom tilbydarane:

- Pris - 60 %
- Framdrift og byggetid - 40 %

Kriteria for vekting er nærare definert i konkurransereglane, slik:

Nærare om tildelingskriteriet "Pris":

Pristilbodet skal vere komplett og inkludere alt naudsynt arbeid. Alle prisar skal vere inklusive gebyr og dekke alle kostnader, også reise- og opphaldskostnadar, men eksklusive mva. Prisen skal vere fast.

Nærare om tildelingskriteriet "Framdrift og byggetid»

Arbeida skal vere ferdigstilt til skulestart i august 2016.

Tilbydar skal levere ein plan på korleis prosjektet er planlagt gjennomført og gjere greie for korleis han vil bemanne for å få arbeida utført innan denne fristen. Det er ordinær drift både ved skulen og ved grendahuset i byggefasen med unntak av ferievekene 28, 29, 30 og 31. Framdriftsplanen skal vere realistisk og syne viktige milepælar, samt spegle alle aspekt tilbydar meiner vil påverke framdrifta.

Tilbydar skal opplyse kven som skal utføre oppdraget og spesifisere kven som skal vere arbeidsleiar på staden og ha hovudansvar for framdrift og for at rett kvalitet vert oppnådd. Arbeidsleiar skal kunne kommunisere på norsk. Han skal opplyse om kompetansen og erfaring som vedkomande har med tilsvarande arbeid.

Enkeltpersonar sin kompetanse, basert på formell kompetanse, erfaring og oppnådde resultat er eit svært viktig element ved vurderinga av kvaliteten på dei tilbodne tenestene.

Dersom leverandør tilbyr seinare ferdigstilling enn det som er sett opp for prosjektet, skal dette kome tydeleg fram i tilbodet. Det vil då verte då gitt mindre poeng på dette kriteriet i samband med tilbodsevalueringa.

Tilbodsfrist

For å oppretthalde framdrifta i prosjektet, har vi sett tilbodsfristen til 25.02.2016 kl 13:00.

Finansiering

Prosjektet vart i budsjett 2016 estimert til ein slik kostnad:

Entreprise	Grunnlag	Kostnad
Planleggingsmidlar	K-sak 133/15	850 000,-
Byggekostnad	K-sak 192/15	12 400 000,-
Sum		13 250 000,-
Tilskot frå Leikanger grendalag	K-sak 133/15	- 1 000 000,-
Netto kostnad		12 250 000,-

Priskalkylen byggjer på faktiske entreprisekostnader i Norge pr. september 2015.

Vidare framdrift

Det er fastsett slik framdriftsplan for prosjektet:

- Anbudsutlysing 02.02.2016
- Anbudsfrist 25.02.2016
- Forhandlingar 29.02.2016 – 04.03.2016
- Val av tilbydar 06.03.2016
- Klagefrist 16.03.2016
- Signering av kontrakt 18.03.2016

Dersom tilboda overstig priskalkylene for prosjektet, vil sak om tilleggsløyving fremmast til handsaming i kommunestyret 17.03.2016.

Parallelt med anbuds konkuransen vil Eigedomsavdelinga som byggherre via ansvarleg søkar Ose Ingeniørkontor AS søke rammeløyve for prosjektet. Dette for å oppretthalde framdrifta så langt råd er.

Vurdering og konklusjon:

Rådmannen rår plan- og byggenemnda til å godkjenne tildelingskriteria for Leikanger skule og grendahus – tilbygg og rehabilitering – konkurranse med forhandling med slik vekting av tildelingskriterie:

- Pris 60 %
- Framdrift og byggetid 40 %

Samla pris for prosjektet er vekta tyngst i prosjektet og med resterande vekting knytt til framdrift og byggetid. Framdrift og byggetid er viktig både av omsyn til dei ulemper brukarane av bygget vil måtte akseptere i byggefasen, men også for å sikre ei tidlegast mogleg ferdigstilling opp mot skulestart.

Konsekvensar for folkehelse:

Eit tilbygg til skulen vil auke undervisningsarealet ved skulen og betre toalettforholda for elevane. Skulen vil også få ei betre universell utforming enn i dag og betre rømningsvegar ved brann.

Konsekvensar for beredskap:

Ei oppgradering av rømningsvegane ved skulen vil redusere risikoen knytt til brann.

Konsekvensar for drift:

Eit tilbygg vil gi auka kostnader for eigedomsavdelinga til forvaltning, drift og vedlikehald.

Fosnavåg, 07.01.2016

Olaus-Jon Kopperstad
Konst. rådmann

Robert Myklebust
Eigedomsleiar

Sakshandsamar: Prosjektleiar Rolf-Henning Skrede Hide

REVISJON:

TEKNIINGSNUMMER:

1340-400

TITTEL: Fasade Nord og Sør

STATUS: Tilbudstegning

Som teigningsgrunnlag er det brukt dwg-filer:
200-101 - Kleppeåsen 44 - Planering - 2 etasje.dwg
200-201 - Kleppeåsen 44 - Planering - 2 etasje.dwg
200-LU101 - Kleppeåsen 44 - Planering - underetasje.dwg

ALLE MÅL KONTROLLERES PÅ BYGGEPLASS!

Rev	Endringer, gjelder	Sign.	Dato

TILTAKSHAVAR:

Herøy kommune
Rådhusgata 5
6090 Fosnavåg

TITTEL:

Fasade Nord og Sør
Leikanger skule og grendehus
Tilbygg



Vikegata 19A, 6150 Ørsta / 70 04 52 20 / www.oseng.no

ARKSTØRRELSE:

A3

MÅL:

1 : 250

TEIKNA:

MG

KONTROLL:

PEV



DATE:

22.01.16

REVISJON:

TEKNIINGSNUMMER:

1340-400





REVISJON:	TEKNIKSNUMMER: 1340-401
TITTEL:	Fasade Sør og Øst
STATUS:	Tilbudstegning
Som teikningsgrunnlag er det brukt dwg-filer: 200-1101 - Kleppåsén 44 - Planarkiv - 1 etasje.dwg 200-201 - Kleppåsén 44 - Planarkiv - 2 etasje.dwg 200-U1101 - Kleppåsén 44 - Planarkiv - underetasje.dwg	
ALLE MÅL KONTROLLERES PÅ BYGGEPLASS!	
Rev.	Endringa gjelder
	Sign.
	Date

TILTAKEHAVAR:
Herøy kommune
 Rådhusgata 5
 6090 Fosnavåg

TITTEL:
Fasade Sør og Øst
 Leikanger skule og grendehus
 Tilbygg


OSE | INGENIØRAR
TAKSTMENN
 Vikeregata 19A, 6150 Ørsta / 70 04 52 20 / www.oseing.no

ARKSTØRRELSE: A3	MÅL: 1 : 200
TEKNA: MG	KONTROLL: PEV
REVISJON: 1340-401	DATE: 22.01.16
	TEKNIKSNUMMER: 1340-401



REVISJON:	TEKNIINGSNUMMER: 1340-110
TITTEL:	Plan 1.eig - Oversikt

STATUS: Tilbudstegning

Som tegningsgrunnlag er det brukt dwg-filer:
 200-U10 - Kjeppesen 44 - Planetekning - 1.eitasje.dwg
 200-U10 - Kjeppesen 44 - Planetekning - 2.eitasje.dwg
 200-U101 - Kjeppesen 44 - Planetekning - underetasje.dwg

ALLE MÅL KONTROLLERES PÅ BYGGEPLASS!

Rev.	Endringa gjeldar	Sign.	Dato

TILTAKSHAVAR:
Herøy kommune
 Rådhusgata 5
 6090 Fosnavåg

TITTEL:
Plan 1.eig - Oversikt
 Leikanger skule og grenadhaus
 Tilbygg



Vikegata 19A, 6150 Ørsta / 70 04 52 20 / www.oseing.no

ARKSTØRRELSE: A3	MÅL: 1 : 250
TEKNA: MG	KONTROLL: PEV
REVISJON: 1340-110	DATE: 22.01.16

